

Eg meinar sovist me treng taka paa

Tone: Sjaa no er det dag aa no er det tid

1) Eg meinar sovist me treng taka paa
Aa draga tilrettes no
Dei eignalutar i kov aa i kraa
So lengje hev lagt i ro
No er dei 'kje vyrd, no trakkast det svart
Sjaa midlar aa maal, ikkje noko er spart
Mor Norig ho treng sin plog aa sit grev
Ho lever 'kje utan strev

2) Kom berre i hug daa ho maallaus laag
Aa mange dei sa ho døyr
Ho bebra aa skolv i kvar lem aa taag
Aa hundarne glefsar aa gøyr
Mor Norig er sutfull aa borni med
For hennar yrkje ein vil riva ned
Ho elskar 'kje skriking aa hundeljom
for framsteg so liti ei von

3) No berre eg spyr er dykk heima no
Aa veit kva so krevst i dag
Me treng menn med mot aa norskdome i blo
Aa nevar so tek eit tak
Me rotar i mold aa brytar paa stein
Aa ugras aa tistlar rundt om kvar ein
Me slitar paa runnar, stuar og røyr
Aa hundane stend aa gøyr

4) Mor Norig vil ha den bunad paa
ho i gamle dagar bar
Den tidi ho sjølv sin heimstad fekk raa
Aa herre i huset var
Ho krev den bunad so i ho var kledd
sit maal aa sit merkje, vyrdnad aa rett
so eingong ho aatte, men skjemdarmenn
Med vald ifraa henne tok

5) Me som er morbonn me næraste stend
Aa retta vaar neve fram
So møtar me upp fraa gardar aa grend
Um ikkje so er det skam
Mor Norig ho krev, bygg heimar aa bygg
med yrkje so dugar, so ein er trygg
At bygningen stend paa det nakne fjell
I stormvind aa havbrot held

6) No Gud være takk for alt som er gjort
Aa for at du med oss er
Alt sanningsyrkje skal vera seg stort
Aa rikjeleg frukt det bær
So hjelp du oss Gud til aa øva rett
aa aller gløyma or hugen vor det
gjera mot andre da sama me vil
at dei skal hjelpa os til